



Jone Rørheim med største laksen fanga til no i år: 8 kilo!

**SPAR opplysar at elveeigarlaget har kutta salet av fiskekort i elva for denne sesongen. Det gjeld både døgnkort og sesongkort. Beskjeden om at taket var nådd vart gjeve tysdag. Fleire som har vore interessert i å løysa kort har ringt både SPAR og uskedalen.no, men altså forgjeves. - Eg går ut frå at dei har ein grunn, seier dagleg leiar Bente Nilsen på SPAR og visar til leiar i elveeigarlaget Johannes Feet.**

Det har ikkje lukkast oss å få kontakt med Feet for å høyra nærare om grunnen, men allereie under årsmøtet vart det gjeve uttrykk for at det burde setjast ei grense av omsyn til den vidare forvaltning av fiskestammene i elva. I fjor vart det henta opp 1,4 tonn laks og aure og førebels er 300 kilo passert i år fortel laget si eiga heimeside.

I går kveld sto denne meldinga på heimesida under overskrifta **TOMT FOR FISKEKORT:**

**Salet av fiskekort har gått over all forventning denne sesongen. Antal årskort me kunne selge vart passert for ei tid tilbake og no har me selt det me har moglegheit til å selge av døgnkort.**

Årsaka til dette er dels organisasjonsforma laget har og dels at leiinga ynskjer at det vert teke mindre fisk på land enn ifjor, noko som i følge Tore Wiers i Uni Miljø var i meste laget for Uskedalselva.

Dette vil sei at det kun er dei som har sikra seg sesongkort som har høve til å fiske i elva frå no av

Av Ola Matti Mathisen